

6. august 1999

Statistics Norway



Statistisk sentralbyrå

Aktuell utdanningsstatistikk

Universitet og høyskolar

Nøkkeltal 1999



4/99

Publisert i samarbeid med
Kirke-, utdannings- og
forskningsdepartementet.

Aktuell utdanningsstatistikk

I *Aktuell utdanningsstatistikk* blir statistikk på ulike emneområde innafør utdanningsstatistikk publikert.

Hugs å gje opp kjelde: Aktuell utdanningsstatistikk/Statistisk sentralbyrå

Ansvarleg seksjon: Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

Redaktør: Elisabetta Vassenden.

Redaksjonsmedarbeidarar: Terje Risberg, tlf. 62 88 52 68, e-post: terje.risberg@ssb.no, Tor Jørgensen, tlf. 62 88 52 69, e-post: tor.jorgensen@ssb.no, Elin Såheim Bjørkli, tlf. 62 88 51 06, e-post: elin.saheim.bjorkli@ssb.no, faks 62 88 52 89.

Redigering: Camilla Juvet.

Prisar: Pr. år kr 420,00 inkl. mva. Enkelt-nummer kr 55,00 inkl. mva.

Spørsmål om sal og abonnement kan rettast til: Statistisk sentralbyrå, Salg- og abonnementservice, 2225 Kongsvinger, tlf. 62 88 55 00, faks 62 88 55 95, e-post: salg-abonnement@ssb.no.

ISSN 1500-4295
F-4078/99

Elektronisk formidling

Forutan papirutgåva finst publikasjonen i elektronisk versjon under SSB si webteneste på Internett. Adressa er <http://www.ssb.no>. Gjennom bruk av Acrobat kan ein lese og skrive ut teksten, og tabellane kan lastast ned i Excel.

Andre tabellar

Spesialtabellar kan tingast frå Statistisk sentralbyrå.

Standardteikn

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjerast	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vassrette serien	l
Retta sidan førre utgåve	r

Innhald

1. Redusert søking til høgre utdanning	3
2. Registrerte studentar	6
3. Fleire studentar reiser utanlands	9
4. Geografisk og sosial rekruttering	10
5. Auke i talet på hovudfags- og doktorgradseksamenar	12
6. Tilsette	14
7. Økonomi	15
8. Det norske utdanningsnivået i ein internasjonal samanheng	16

Innleiing

Gjennom Aktuell utdanningsstatistikk ønskjer Statistisk sentralbyrå å auke tilgjengelegheita til og aktualiteten på statistikk om utdanningsaktivitetar i Noreg. Statistisk sentralbyrå ønskjer også å presentere eit breiare spekter av statistikk om elever og studentar i Noreg. Serien prøver også å dekkje behova for nøkkeltal for utdanningssektoren.

Aktuell utdanningsstatistikk er finansiert av Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings og forskingsdepartementet i fellesskap. Både Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet medverkar med materiale til serien. Statistisk sentralbyrå har det redaksjonelle ansvaret for publikasjonane og står ansvarleg for den faglege kvaliteten.

Denne nøkkeltalpublikasjonen inneheld statistikk over universitet og høgskolar. Både søkjarstatistikk og studentstatistikk står sentralt. Vidare inneheld publikasjonen statistikk over fullførte utdanningar, tilsette og nokre samanlikningar med andre land.

Dei fleste tala er levert av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og byggjer i hovudsak på tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). Nokre tal kan derfor avvike frå den offisielle statistikken til Statistisk sentralbyrå. Sjå ellers «om statistikken» side 3.

1. Redusert søking til høgre utdanning

1.1. Innleiing

Høgre utdanning blir tilbode ved dei fire universiteta og dei seks vitskaplege høgskolane, ved dei 26 statlege høgskolane og ved dei to kunsthøgskolane. Private høgskolar med studietilbod godkjent etter privathøgskolelova tilbyr òg utdanning på høgskolenivå.

Høgre utdanning er i all hovudsak basert på eksamen frå treårig vidaregåande opplæring. Dei offentlege høgre utdanningsinstitusjonane er underlagt Lov om universiteter og høgskoler, men institusjonane har stort fagleg og forvaltingsmessig sjølvstyre. Institusjonane skal gje høgre utdanning som er basert på det beste innanfor forskning, kunstnerisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. Utdanningstilboda ved institusjonane er varierte. Det blir tilbode korte kurs, halvårige og 1- 1/2-årige studium, fleirårige yrkesretta utdanningar, lengre profesjonsutdanningar, ulike vidareutdanningstilbod, hovudfag og doktorgrad. Institusjonane har òg ansvar for å gje eller organisere etterutdanning på sine fagområde. Dimensjoneringa av dei ulike studia har dels vore bestemt av arbeidsmarknaden sitt behov for ulike typar av kompetanse, og dels av pågangen av søkjarar til dei ulike utdanningane.

1.2. Organisering av opptaket til høgre utdanning

For å få ei samordning mellom institusjonane i høve til opptak av studentar er Samorda opptak (SO) oppretta som eit serviceorgan for universiteta og høgskolane. Søknadene blir vurdert ved lærestadane, men kvar søkjar får berre eit tilbod om studieplass. Formålet er å sikre at studiekapasiteten blir best mogleg utnytta. Denne nasjonale opptaksmodellen inkluderer både universiteta, dei vitskaplege høgskolane (med unntak av Norges musikkhøgskole), dei statlege høgskolane og fleire

private høgskolar. SO har òg eit ansvar for å utarbeide statistikk om søking og opptak til høgre utdanning.

Hausten 1995 blei reguleringa av opptaket til lågare grads studium oppheva gjennom nasjonal opning av allmennfakulteta (historisk-filosofisk, samfunnsvitskapleg, matematisk-naturfagleg). Frå 1996 har ordninga òg omfatta dei statlege høgskolane. Søkjarar som ikkje fekk tilbod på eit prioritert ønskje i høve til studiestad fekk i staden tilbod om studieplass ved ein annan studiestad. Talet på søkjarar som nytta denne ordninga var lågt, og i 1998 blei ordninga endra slik at den går inn i ordninga med "Restetorg". Dette inneber i hovudsak at studieplassar som framleis er ledige etter hovudopptak og suppleringsopptak blir tildelt søkjarar etter kvart som desse tar direkte kontakt med lærestadene.

1.3. Søkjartal

Det har vore ein kraftig auke i søkinga til høgre utdanning i perioden frå slutten av 1980- talet og fram til 1994. Som det går fram av tabell 1.1 har det frå og med 1995 vore ein svak nedgang i talet på søkjarar. Til opptaket hausten 1998 var det 86 600 søkjarar til høgre utdanning, ein nedgang på om lag 6 500 frå året før. Det var likevel ein auke i talet på personar som blei teke opp på eit studium og som møtte til studiestart.

Talet på 19-åringar reduserast i perioden frå 1996 til 2003 før det blir stabilisert for så å auke igjen fram mot 2010. Talet på 19-åringar som søker høgre utdanning har dessutan vore lågare enn tidlegare dei aller siste åra, truleg som eit resultat av lågare arbeidsløyse og betre moglegheit for yrkesfagleg opplæring i vidaregåande skole som følgje av Reform 94. Det kan likevel forventast at delen vaksne søkjarar til høgre utdanning vil auke som følgje av satsinga på etter- og vidareut-

Om statistikken

Høgre utdanning omfattar universitets- og høgskoleutdanning. Den byggjer normalt på eksamen frå treårig vidaregåande opplæring. Med unntak for enkelte private høgskolar blir alle utdanningsinstitusjonar drivne av staten, men institusjonane har monaleg fagleg og forvaltingsmessig sjølvstyre.

Statistikken omfattar berre institusjonar organisert under Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) og private høgskolar som får støtte over KUFs budsjett. Statistikken er basert på summariske oppgaver frå dei enkelte institusjonane til Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). Utanom i kapittel 4 er Norges landbrukshøgskole og Norges veterinærhøgskole ikkje med i talmaterialet i perioden før 1997, då dei var organisert under Landbruksdepartementet. Frå 1. januar 1997 er institusjonane organisert under KUF. Tala inkluderar derimot mellom anna ikkje militære høgskolar og Politihøgskolen. I tillegg til at enkelte personar kan vere tald fleire gonger, er dette dei viktigaste årsakane til avvika frå SSBs offisielle statistikk for universitet og høgskolar.

Studenttala i tabellane gjeld haustsemesteret der ikkje anna er oppgitt, medan kandidattala gjeld heile året.

1.1. Universitet og høgskolar. Søkjarar til høgre utdanning. Haustsemestret 1992-1998



År	Søkjarar i alt	Av dette kvalifiserte søkjarar		Personar tatt opp og møtt til studiestart	Søkjarar 19-24 år	Søkjarar 19-24 år i prosent av alle søkjarar
		I alt	Utan tilbod			
1992	96 094	85 598	23 223	39 824	69117	71,9
1993	106 925	94 538	25 054	43 966	76282	71,3
1994	109 054	97 116	25 514	41 907	78218	71,7
1995	101 255	83 884	14 841	45 624	71284	70,4
1996	101 288	82 294	8 494	45 501	75380	74,4
1997	93 172	75 656	5 272	43 651	67190	72,1
1998	86 644	70 043	3 473	43 380	62182	71,8

Kjelde: Samordna opptak (SO).

1.2. Søkadar per studieplass ved opptak til dei statlege universiteta og høgskolane, etter lærestad. Haustsemestret 1998



Lærestad	Studie- plassar 1998 ¹	Primær- søkjarar 1998 ²	Primær- søkjarar per studieplass
Universitet og vitskaplege høgskolar i alt	13 885	27 889	2,0
Universitetet i Oslo	5 371	11 077	2,1
Universitetet i Bergen	2 842	4 439	1,6
Norges teknisk-naturviten- skapelige universitet	3 648	6 933	1,9
Universitetet i Tromsø	984	1 237	1,3
Arkitektshøgskolen i Oslo	47	469	10,0
Norges handelshøgskole	400	2 070	5,2
Norges veterinærhøgskole	83	550	6,6
Norges idrettshøgskole	100	485	4,9
Norges landbrukshøgskole	410	629	1,5
Høgskolar i alt	25 040	51 160	2,0
Høgskolen i Agder	2 243	4 160	1,9
Høgskolen i Akershus	380	684	1,8
Høgskolen i Bergen	1 318	4 115	3,1
Høgskolen i Bodø	943	1 627	1,7
Høgskolen i Buskerud	665	1 030	1,6
Høgskolen i Finnmark	661	819	1,2
Høgskolen i Gjøvik	422	1 047	2,5
Høgskolen i Harstad	366	522	1,4
Høgskolen i Hedmark	1 307	2 145	1,6
Høgskolen i Lillehammer	824	1 553	1,9
Høgskolen i Molde	479	855	1,8
Høgskolen i Narvik	233	229	1,0
Høgskolen i Nesna	293	198	0,7
Høgskolen i Nord-Trøndelag	935	1 262	1,3
Høgskolen i Oslo	2 632	9 130	3,5
Høgskolen i Sogn og Fjordane	933	1 181	1,3
Høgskolen i Stavanger	1 946	4 428	2,3
Høgskolen Stord/Haugesund	606	913	1,5
Høgskolen i Sør-Trøndelag	1 675	4 732	2,8
Høgskolen i Telemark	1 735	2 388	1,4
Høgskolen i Tromsø	638	1 280	2,0
Høgskolen i Vestfold	846	2 004	2,4
Høgskolen i Volda	1 010	1 543	1,5
Høgskolen i Østfold	1 151	2 482	2,2
Høgskolen i Ålesund	722	805	1,1
Samisk høgskole	77	28	0,4

¹ Ledige plassar ved opptak. ² Talet på søkjarar som gjev opp utdanninga som førsteprioritet.

Kjelde: Samordna opptak (SO).

1.3. Søkjarar til ulike utdanningar. Haustsemestret 1998



Utdanning	Søkjarar	Primær- søkjarar
Allmennlærer	11 798	4 643
Audiograf	654	74
Barnevern	8 438	2 092
Bibliotekar	839	272
Bioingeniør	2 426	596
Ergoterapeut	2 929	557
Ernæring	341	58
Faglærer	1 637	409
Farmasi	1 134	284
Fiskeri	281	78
Fysioterapeut	5 202	2 592
Førskolelærer	8 974	2 890
Historisk filosofiske fag	12 503	5 101
Høgskolekandidat 2-årig	21 685	9 447
Høgskolekandidat 3-årig	13 564	5 013
Ingeniør	9 877	4 885
Journalist	3 784	2 049
Jus	7 508	2 633
Landbruk	2 223	680
Maritim	622	314
Medisin	3 102	2 286
Odontologi	2 069	384
Radiograf	2 094	385
Realfag	9 571	3 093
Reseptar	715	148
Samfunnsvitskap	14 138	4 808
Sivilarkitekt	1 459	471
Sivilingeniør ¹	5 677	3 182
Siviløkonom	4 661	3 069
Sjukepleie	13 822	7 575
Sosionom	8 102	2 324
Teologi	771	187
Vernepleiar	4 261	940
Veterinær	1 067	550
Div årseiningar	28 305	9 438
Årseiningar i lærarutdanninga	13 304	2 793

¹ Kun universitetssektoren.

Kjelde: Samordna opptak (SO).

danning. Det er òg ein større del av årskulla som begynner i vidaregåande skole, og stadig fleire av dei unge har planar om å studere¹. Det er derfor for tidleg å gje ein endeleg prognose for søkinga til høgre utdanning dei nærmaste åra.

1.3.1. Søkjarar til dei enkelte institusjonane

Reduksjonane i talet på søkjarar er ikkje likt fordelt mellom institusjonane. Som det går fram av tabell 1.2 er søkinga størst til dei store institusjonane i Sør-Noreg, og spesielt til lærestader i Oslo. Samtidig er det registrert ein tendens til at dei mindre lærestadene utanom dei store byane har hatt ein nedgang i rekrutteringa av studentar dei siste åra.

1.3.2. Søkjarar til dei enkelte utdanningane

Dei seinare åra har det vore prioritert å auke kapasiteten for opptak i helse- og sosialfaglege utdanningar, einskilde lærarutdanningar og utdanningar innanfor IT. For eit fleirtal av desse utdanningane er det stor søking i høve til kapasiteten for opptak.

1.4. Opptak til høgre utdanning

I høve til folketalet er både opptakskapasiteten og det totale studentmålet² for høgre utdanning i Noreg høgt når ein samanliknar med andre land.

Det er likevel mangel på fagutdanna personell i ulike sektorar. Dette har vore utslagsgivande for tildeling av nye studieplassar dei seinare år, og utdanningar i helse- og sosialfag, IT og allmenn- og førskolelærarutdanningar er i stor grad blitt prioriterte ved oppretting av nye studieplassar. Det blei oppretta nye studieplassar til auka opptak i 1998 for fleire av utdanningane. Som ein følge av satsinga på helsefag, lærarutdanning og IT blei det oppretta om lag 2 150 studieplassar på desse fagområda i 1998.

1.4. Opptak av studentar, etter institusjon. 1994-1998

Institusjon	1994	1995	1996	1997	1998
Universitet	20 403	25 272	25 902	25 317	21 809
Vitskaplege høgskolar	1 467	1 201	2 027	2 308	2 201
Kunsthøgskolar ..	198	253	243	269	255
Statlege høgskolar ¹	39 360	39 034	38 208	37 417	38 363
Private høgskolar ²	9 238	10 269	10 956	9 903	9 204

¹ Forkurs ikkje inkludert. ² Gjeld dei institusjonane som får midlar over statsbudsjettets kap 0282.
Kjelde: DBH.

1.5. Opptakstal for utvalde utdanningar. 1992-1998

Utdanning	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998
Allmennlærer	2 335	2 353	2 537	2 697	2 800	2 814	2 990
Førskolelærer	1 891	2 310	2 248	2 710	3 045	3 336	2 906
Faglærer	691	777	666	720	479	393	342
Praktisk-pedagogisk utdanning	1 458	2 035	1 579	1 398	1 577	1 932	1 893
Sykepleiar	3 125	3 194	3 346	3 491	3 421	3 787	4 161
Barnevernspedagog	620	547	640	659	661	649	691
Sosionom	622	622	708	770	831	830	810
Vernepleiar	587	512	523	572	635	624	844
Fysioterapeut	254	262	271	307	306	321	305
Medisin ¹	346	417	421	404	490	547	594
Odontologi	109	111	110	111	114	113	113
Farmasi	49	55	77	82	84	81	93
Psykologi	144	144	157	208	220	210	211
Ingeniør ^{2 3}	3 397	3 421	3 391	2 937	3 011	3 171	3 460
Sivilingeniør ³	1 087	1 895	1 912	1 881	1 800	1 746	1 876
To- og treårig IT utdanning ⁴	615	574	608	803	930	1 143	1 711
Hovudfag informatikk ⁵	165	165	166	201	159	209	207

¹ Inkluderer opptak til studieplassar som blir kjøpt i utlandet. ² Ingeniørutdanning omfatter Den polytekniske høgskolen frå og med 1995. ³ Tala for ingeniør- og sivilingeniørutdanning inkluderer og datautdanning. ⁴ To- og treårig IT-utdanning omfatter utdanning ved den Polytekniske høgskolen frå og med 1995. ⁵ Hovudfag informatikk inkluderer ikkje andre fagområde som hovudfag i fysikk og matematikk som og kan gi monaleg IT-kompetanse. Innenfor sivilingeniørutdanning blei det i 1997 og 1998 tatt opp hhv 333 og 426 studenter til studieretningene teknisk kybernetikk og datateknikk. Også innenfor andre studieretningar oppnår studentene betydelig IT-kompetanse.
Kjelde: DBH.

¹ NOU 1999: Realkompetanse i høgre utdanning.

² Studentmålet er det talet på studentar som institusjonane er dimensjonerte for.

2. Registrerte studentar

2.1. Registrerte studentar¹, etter institusjon 1988, 1990, 1992-1998. Haustsemstret



Institusjon	1988	1990	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998
I alt¹	101 381	123 830	150 870	158 111	157 930	163 360	166 221	170 527	173 328
Universitet ²	43 908	59 659	69 692	73 856	70 669	74 298	75 889	76 342	74 727
Vitskaplege høgskolar ³	2 813	2 866	3 394	3 751	3 725	4 202	4 371	6 913	7 095
Kunsthøgskolar	802	796	820	906	881	878	713	762	751
Statlege høgskolar	41 715	48 479	64 113	65 659	68 336	70 402	71 316	72 377	74 237
Private høgskolar	12 143	12 030	12 852	13 939	14 319	13 580	13 932	14 133	16 518

¹ Tabellen inkluderar ikkje eksternt finansierte studentar. ² Frå og med 1994 er studentar utan studierett ikkje talt med i tala for universiteta. For åra 1994-1998 var desse tala 5 187, 4 445, 4 747, 3 022 og 2 175 studentar. ³ Norges landbrukshøgskole og Norges veterinærhøgskole inngår i tala frå og med 1997.

Kjelde: DBH.

I takt med det auka talet på søkjarar til høgre utdanning har utdanningskapasiteten i høgre utdanning i Noreg auka kraftig sidan slutten av 1980-talet. I 1997 var det registrert meir enn 170 000 studentar i høgre utdanning. Den kraftige auken i talet på nye studentar på slutten av 1980- og byrjinga av 1990-talet har dei seinare åra ført til langt fleire studentar òg på høgre grads nivå.

2.1. Fordeling av studentar mellom institusjonane

Innanfor eit nasjonalt nettverk for høgre utdanning og forskning (Noregsnett) skal institusjonane samarbeide og utfylle kvarandre i sine faglege aktivitetar. Utdanningstilbod skal utformast og sjåast i samanheng. Ved auka kapasitet i høgre utdanning har det vore eit mål å oppnå ei best mogleg nasjonal fordeling av studietilbod basert på samarbeid og arbeidsdeling mellom regionar og institusjonar innanfor Noregsnett.

Det var totalt registrert om lag 156 000 studentar ved dei statlege institusjonane hausten 1998. Den største delen av studentane var registrerte ved ein av dei statlege høgskolane (47 prosent) eller ved eit av dei fire universiteta (48 prosent). Om lag 46 prosent av studentane ved universiteta var registrerte ved Universitetet i Oslo. Høgskolen i Agder var den største statlege høgskolen med ni prosent av det totale studenttalet ved desse høgskolane. 4,5 prosent av studentane var registrerte ved ein av dei seks vitskapelege høgskolane med Norges handelshøgskole og Norges landbrukshøgskole som dei to største.

2.2. Registrerte studentar, etter kjønn og lærestad. Haustsemesteret 1998



Lærestad	I alt	Menn	Kvinner
Universitetet i Oslo	34 299	14 403	19 896
Universitetet i Bergen	15 987	7 167	8 820
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	18 254	10 188	8 066
Universitetet i Tromsø	6 187	2 814	3 373
Norges musikkhøgskole	448	232	216
Arkitektshøgskolen i Oslo	377	198	179
Norges handelshøgskole	2 782	1 915	867
Norges veterinærhøgskole	483	171	312
Norges idrettshøgskole	707	406	301
Norges landbrukshøgskole	2 343	1 132	1 211
Høgskolen i Agder	6 476	2 939	3 537
Høgskolen i Akershus	2 120	527	1 593
Høgskolen i Bergen	4 306	1 661	2 645
Høgskolen i Bodø	3 368	1 348	2 020
Høgskolen i Buskerud	1 839	830	1 009
Høgskolen i Finnmark	1 859	558	1 301
Høgskolen i Gjøvik	1 277	708	569
Høgskolen i Harstad	940	256	684
Høgskolen i Hedmark	3 700	1 127	2 573
Høgskolen i Lillehammer	1 732	527	1 205
Høgskolen i Molde	1 355	687	668
Høgskolen i Narvik	815	530	285
Høgskolen i Nesna	935	280	655
Høgskolen i Nord-Trøndelag	2 667	914	1 753
Høgskolen i Oslo	8 252	2 373	5 879
Høgskolen i Sogn og Fjordane	2 329	694	1 635
Høgskolen i Stavanger	6 254	2 623	3 631
Høgskolen Stord/Haugesund	2 032	627	1 405
Høgskolen i Sør-Trøndelag	5 803	2 462	3 341
Høgskolen i Telemark	4 135	1 465	2 670
Høgskolen i Tromsø	2 276	786	1 490
Høgskolen i Vestfold	2 641	1 026	1 615
Høgskolen i Volda	2 142	595	1 547
Høgskolen i Østfold	3 687	1 311	2 376
Høgskolen i Ålesund	1 168	584	584
Samisk høgskole	133	23	110
Kunsthøgskolen i Oslo	516	193	323
Kunsthøgskolen i Bergen	235	64	171

Kjelde: DBH.

2.2. Fordeling av studenter mellom ulike fag og institusjoner

Dei største fagområda samla sett, er historisk-filosofiske fag, samfunnsvitenskaplege fag og matematisk-naturvitenskaplege fag. Det er visse skilnader mellom institusjonane med omsyn til den relative fordelinga på fagområde. Universitetet i Bergen har til dømes ein større del av dei registrerte studentane innan samfunnsvitenskaplege og historisk-filosofiske fag enn dei andre institusjonane.

Universitetet i Oslo hadde det største relative studenttalet på examen philosophicum med om lag 16 prosent av studentane.

2.3. Registrerte studenter, etter universitet og fagområde. Haustsemestret 1998

Fagområde	Universitetet i Oslo	Universitetet i Bergen	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Universitetet i Tromsø
I alt	34 299	15 987	18 254	6 187
Arkitektur	.	.	391	.
Examen philosophicum	5 616	837	449	333
Ernæringsfag	83	.	.	.
Farmasi	277	.	.	112
Fiskerifag	.	.	.	415
Helsefag	403	261	.	146
Historisk-filosofiske fag	7 199	4 128	2 609	1 151
Jus	4 768	1 982	.	522
Kunstutdanning	.	.	59	.
Matematisk-naturvitenskaplege fag	5 478	2 870	1 803	1 066
Medisin	1 573	996	493	483
Musikk	.	43	142	.
Odontologi	334	271	.	.
Pedagogiske fag	1 688	.	207	231
Praktisk-pedagogisk utdanning	368	114	264	167
Psykologi	503	390	172	111
Samfunnsvitenskap	5 369	3 889	4 137	1 382
Tannpleiar	43	33	.	.
Teknologi	.	.	7 481	.
Teologi	377	.	.	.
Utvikling og miljø	13	.	.	.
Anna	207	173	47	68

Kjelde: DBH.

2.4. Registrerte studenter, etter universitet og nivå. Haustsemestret 1998

Nivå	Universitetet i Oslo	Universitetet i Bergen	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Universitetet i Tromsø
Lågare grad	20 804	8 995	7 238	3 207
Profesjonsstudium	6 082	2 919	7 645	1 433
Mastergrad	145	229	139	51
Hovudfag	5 436	2 784	1 933	1 124
Doktorgrad	1 470	859	1 252	355
Uspesifisert	362	201	47	17

Kjelde: DBH.

Ei samanlikning av institusjonane med omsyn til kor det relativt sett er flest registrerte studenter på lågare grads studium, syner at Universitetet i Oslo hadde 61 prosent av studentane på lågare grads studium medan tilsvarende tal for NTNU var 40 prosent. Om lag 7 prosent av studentane ved NTNU var doktorgradsstudentar. Tilsvarende tal for Universitetet i Oslo var 4 pro-

2.5. Registrerte studenter ved statlege høgskolar, etter utdanning. Haustsemestret 1998

Utdanning	Studenter
I alt	74 237
Allmennlærer	9 338
Audiograf	39
Barnevern	1 894
Bibliotekar	351
Bioingeniør	735
Døvetolk	26
Ergoterapeut	520
Examen philosophicum	678
Faglærer	786
Fysioterapeut	875
Førskolelærer	7 927
Hovudfag	606
Ingeniør	8 809
Journalist/fotograf	388
Maritim utdanning	572
Ortopediingeniør	10
Praktisk-pedagogisk utdanning	865
Radiograf	340
Reseptar	126
Sivilingeniør	593
Siviløkonom	557
Sosionom	2 031
Sjukepleiar	9 707
Tannpleiar	24
Vernepleiar	1 939
Høgskolekandidat	12 740
Diverse årseiningar	11 802

Kjelde: DBH.

2.6. Registrerte studenter ved private høgskolar, etter lærestad. Haustsemestret 1998

Lærestad	Studenter
I alt	16 518
Barrat Dues Musikk institutt	73
Bergen arkitekt høgskole	99
Bataninen Sykepleiehøgskole, Bergen	238
Den Norske Balletthøgskole	27
Den Norske Eurytmihøgskole	20
Den Polytekniske høgskolen	1 699
Det teologiske menighetsfakultet	620
Diakonhjemmets høgskolesenter	700
Diakonissehjemmets høgskole, Bergen	251
Dronning Mauds minne, høgskole for førskolelærerutd.	761
Handelshøgskolen BI	9 435
Høgskolen for diakoni og sykepleie	601
Mediehøgskolen	105
Menighetssøsterhjemmets høgskole	247
Misjonshøgskolen, Stavanger	138
Norges Varehandelshøgskole	345
Norsk Lærerakademi	808
Rogaland vernepleierhøgskole	265
Rudolf Steinerhøgskolen	86

Kjelde: DBH.

2.7. Studenttal for tilskudd ved private høyskolar, etter type utdanning. 1990-1998¹



Utdanning	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998
I alt	11 872	12 149	12 390	12 847	12 903	12 131	11 677	11 428	12 111
Pedagogiske fag	485	500	585	635	720	743	778	934	1 034
Helse- og sosialfag	1 425	1 425	1 506	1 600	1 738	1 745	1 775	1 835	2 088
Teologiske fag	900	952	992	1 032	1 252	1 339	1 339	1 217	1 255
Økonomi-, IT- og ingeniørfag	8 975	9 185	9 220	9 493	9 106	8 216	7 697	7 343	7 635
Andre utdanninger	87	87	87	87	87	88	88	99	99

¹ Gjennomsnitt for haust- og vårsemester.

Kjelde: Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

sent. Heile 18 prosent av studentane ved Universitetet i Tromsø var hausten 1998 registrerte på hovudfag.

Studenttala ved dei private lærestadene har auka gjennom 1990-talet. Dei siste åra har det vore ein monaleg auke i studenttala innanfor prioriterte utdanningar som IT, sjukepleiar-, vernepleiar- og lærarutdanningar.

3. Fleire studentar reiser utanlands

Det er ein lang tradisjon for at mange studentar tek heile eller delar av utdanninga si i utlandet. Gjennom heile 1990 - talet har det vore ein auke i talet på norske studentar ved utanlandske lærestader. I 1998 var 12 152 norske studentar registrerte ved utanlandske lærestader, i 1990 7 884 (Lånekassen sine kundar).

Det er viktig å legge forholda til rette for studentutveksling, mellom anna gjennom deltaking i utvekslingsprogram mellom dei nordiske landa, deltaking i EU-programma, tildeling av gebyrstipend med meir. I tabell 3.1 framgår omfanget av studieopphald i utlandet gjennom EU-programma SOKRATES-, LEONARDO- og ERASMUS, samt NORDPLUS-programma.

3.1. Utvekslingsstudentar, etter programtype og institusjon. Haustsemstret 1998



Institusjon	Programtype				
	I alt	Erasmus/Sokrates	Nord-plus	Leonardo	Andre
Innreisande i alt	1735	747	290	25	673
Universitet	1147	522	161	19	445
Vitskaplege høgskolar ...	148	76	31	..	41
Statlege høgskolar	416	132	92	6	186
Kunsthøgskolar	24	17	6	..	1
Utreisande i alt	1297	571	254	15	457
Universitet	622	331	74	10	207
Vitskaplege høgskolar ...	150	53	29	..	68
Statlege høgskolar	485	171	133	5	176
Kunsthøgskolar	40	16	18	..	6

Kjelde: DBH.

I perioden frå 1985 til 1998 har dei studentane som tek utdanninga si i eit anna nordisk land i forhold til alle studentane som tek utdanninga si i utlandet, gått ned frå vel 30 prosent til noko under 20, delen i Storbritannia har auka frå vel 20 prosent til nærare 35 prosent, medan det for USA og Canada har vore nærare ei halvering frå noko under 30 prosent til om lag 15. Resten av studentane fordelar seg på mange land, men dei

fleste oppheld seg i Vest-Europa, framfor alt i Tyskland. Dei mest markante trekka er elles ein kraftig auke i talet på norske studentar i Australia (767), Ungarn (402), Polen (243) og Nederland (434), som tok i mot støtte frå Lånekassa i studieåret 1998/99. Dei siste åra er det òg registrert ein markert nedgang i talet på norske studentar i Tyskland og Sverige. Nedgangen i Sverige er likevel mindre enn auken i talet på norske studentar i Danmark.

Studentar som tek utdanninga si i land med skolepengar, kan få stønad i form av gebyrstipend til ei rekke utdanningstypar. Til ein del utvalde studiestader gjer ein ytterlegare stipend til skolepengar (tilleggsstipend). Øvre grense for gebyrstipend er for studieåret 1999/2000 fastsett til 48 960 kroner. Med tilleggsstipend kan den samla stønaden til skolepengar komme opp i 100 720 kroner. Totalt blei det i studieåret 1997/98 tildelt gebyrstipend på 313,2 mill kroner og tilleggsstipend på 24,9 mill kroner.

3.3. Norske studentar i utlandet som tek i mot støtte frå Statens lånekasse for utdanning, fordelt på utvalde fag. Skoleåret 1998/99 (foreløpige tal)



Fag	Studentar
I alt	12 152
Merkantile fag	1 855
Medisinfag	1 398
Kunst- og handverksfag	1 268
Teknologifag	1 136
Sykepleiarfag	695
Journalist/mediefag	670
Fysioterapeutfag	619
Hotellfag og turisme	531
Psykologifag	473
Lærarfag	163
Sosionom/barnevernspedagog	98
Farmasifag	92
Odontologifag	61
Anna	3 093

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning.

3.2. Norske studentar innanfor høgre utdanning som tek i mot stønad frå Statens lånekasse for utdanning



Område	1992/93	1993/94	1994/95	1995/96	1996/97	1997/98	1998/99 ¹
I alt	8 261	7 937	8 220	9 309	11 044	11 630	12 152
Europa	5 383	5 601	5 999	7 042	8 513	8 704	9 174
USA/Canada	2 412	2 283	2 126	2 099	2 137	2 209	1 996
Andre land	466	53	95	168	396	717	982

¹ Tal for studieåret 1998/99 er førebels per januar 1999.

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning.

4. Geografisk og sosial rekruttering

4.1. Studentar ved universitet og vitenskaplege høgskolar, etter heimstadslandsdel og skolekommune. Prosent. 1. oktober 1995-1997



Skole- kommune	Heimstadslandsdel					
	Aust- landet	Agder/ Roga- land	Vest- landet	Trønde- lag	Nord- Noreg	Utlandet/ ikkje oppgitt
Ås						
1995	58,0	9,3	13,6	10,5	6,6	1,9
1996	56,9	10,1	14,1	10,7	6,4	1,9
1997	62,7	9,4	11,9	8,7	5,5	1,8
Oslo						
1995	81,7	6,5	4,5	2,9	3,0	1,4
1996	80,0	6,9	5,0	3,1	3,4	1,6
1997	80,7	6,7	4,9	2,6	3,3	1,8
Bergen						
1995	15,1	18,4	60,5	2,3	3,1	0,7
1996	16,3	18,6	57,4	2,7	3,5	1,5
1997	16,3	17,2	58,4	2,9	3,6	1,5
Trondheim						
1995	26,5	6,7	12,7	44,3	9,2	0,7
1996	27,0	6,8	12,9	42,7	9,7	0,9
1997	27,6	6,7	11,9	42,8	8,9	2,1
Tromsø						
1995	12,7	3,3	3,7	2,7	76,4	1,3
1996	11,9	3,4	3,6	2,7	75,1	3,3
1997	10,9	3,1	3,7	2,7	77,0	2,6

Kjelde: SSB.

Ved lærestadene i Oslo er om lag 80 prosent av alle studentane frå Austlandet. Desse studentane er òg rimeleg sterkt representert ved institusjonar i Trondheim (27 prosent), sjølv om studentane først og fremst kjem frå

Trøndelagsfylkene (om lag 43 prosent). Nærare 60 prosent av studentane ved lærestadene i Bergen kjem frå Vestlandet. Ved institusjonane i Tromsø kjem tre av fire studentar frå dei tre nordlegaste fylka.

Studentane har altså ein tendens til å velje studiestad i same region som den dei kjem i frå. Studiestadene Trondheim og Ås skil seg ut ved at dei har ei studentmasse som ikkje i same mon er dominert av studentar frå landsdelen. Dette har samband med at Norges landbrukshøgskole og NTNU har ein fagprofil med ein større del av studieplassane innanfor studietilbod som ein ikkje finn ved andre institusjonar.

Tabell 4.2 syner korleis studentane i dei fire universitetsbyane og på Ås fordelar seg når det gjeld utdanningsbakgrunn til foreldra. I gjennomsnitt har 54,6 prosent av studentane mor eller far med universitets- eller høgskoleutdanning, 33,3 prosent har mor eller far med vidaregåande utdanning, medan 12,2 prosent av studentane har foreldre med grunnskoleutdanning eller uoppgeve utdanning.

Foreldra til om lag ein fjerdedel av studentane ved universitet og vitenskaplege høgskolar i Oslo har universitets- eller høgskoleutdanning på over fire år. Ved Universitetet i Tromsø har om lag 14 prosent av studentane foreldre med slik utdanningsbakgrunn. Nærare ein fjerdedel av foreldra til studentane ved Universitetet i Tromsø har utdanning tilsvarande treårig vidaregåande skole.

Førstegenerasjonsinnvandrarakar i aldersgruppa 19-24 år er underrepresenterte i utdanning samanlikna med tilsvarande aldersgruppe i heile befolkninga. Av

4.2. Studentar ved universitet og vitenskaplege høgskolar, etter foreldra si høgste fullførte utdanning og skolekommune. 1. oktober 1997. Prosent



Skolekommune	Mors eller fars høgste fullførte utdanning						Forskar- nivå ⁶
	Grunnskolenivå eller lågare	Vidaregåande- skolenivå I ¹	Vidaregåande- skolenivå II ²	Universitets- og høgskole- nivå I ³	Universitets- og høgskole- nivå II ⁴	Universitets- og høgskole- nivå III ⁵	
I alt	4,4	14,2	21,2	18,1	17,4	21,9	2,8
Ås	1,9	13,9	22,9	18,5	18,1	22,3	2,3
Oslo	4,1	13,2	19,6	18,2	17,3	24,6	3,0
Bergen	4,3	14,5	22,8	18,7	18,1	19,1	2,5
Trondheim	4,1	14,3	21,3	18,3	17,1	21,8	3,1
Tromsø	8,6	18,9	24,6	15,0	16,8	14,4	1,7

¹ Fullført eit år utover obligatorisk grunnskole. ² Fullført VKI og VKII eller fagprøve. ³ 1 eller 2 års universitets- eller høgskoleutdanning. ⁴ 3 eller 4 års universitets- eller høgskoleutdanning. ⁵ Inntil 6 års universitets- eller høgskoleutdanning. ⁶ Universitets- eller høgskoleutdanning på 7 år eller meir.

Kjelde: SSB.

**4.3. 19-24 åringar, etter innvandringskategori.
1. oktober 1990 og 1997. Prosent i utdanning**



	1990			1997		
	Elev ¹	Student ¹	Ikkje i utdanning	Elev ¹	Student ¹	Ikkje i utdanning
19-24 åringar						
i alt	15,7	17,9	66,4	16,1	26,6	57,3
Av dette						
Førstegenera- sjonsinnvandrar	16,5	7,8	75,6	16,9	12,4	70,7
Andregenera- sjonsinnvandrar	13,2	19,8	67,0	19,5	22,1	58,4

¹ Registrert som elev i vidaregåande utdanning. ² Registrert som student ved universitet eller høgskole.

Kjelde: SSB.

innvandrane som er i utdanning, er ein større del av dei elevar i vidaregåande skole enn aldersgruppa totalt. Det er òg skilnad mellom dei som kjem inn under kategorien førstegenerasjons- og andregenerasjonsinnvandrane der den siste gruppa viser sterkare tendens til å ta utdanning.

I 1997 var det fleire i aldersgruppa 19-24 år som var i utdanning enn i 1990. Dette gjeld òg for første- og andregenerasjonsinnvandrane. Skilnadene mellom befolkninga totalt og innvandrarbefolkninga har likevel halde seg ganske stabil. Det er blant andregenerasjonsinnvandrane at auken i talet på 19-24 åringar i utdanning har vore størst, men i denne gruppa har auken hovudsakleg skjedd innanfor vidaregåande utdanning.

5. Auke i talet på hovudfags- og doktorgradseksamenar

Eksplisjonen i talet på studentar innanfor høgre utdanning har mellom anna ført med seg ein auke i talet på kandidatar på hovudfag og profesjonsstudium. Det tek tid å utdanne høgt kvalifisert arbeidskraft, og effekten av den kraftige auken i opptakskapasiteten dei seinare år er ennå ikkje fullt ut synleg. Talet på kandidatar vil truleg stige for fleire utdannningar i åra framover.

I perioden 1990-98 auka talet på studentar som fullførte hovudfag- og profesjonsstudier. På lågare grads studium var det ein auke i totalt tal på avlagde vekttal.

Det har vore ein sterk auke i talet på hovudfagseksamenar frå 1990. I 1998 vart det avlagt nærare 1 400 fleire hovudfagseksamenar enn i 1990. Dette er ein auke på om lag 160 prosent. Det blei uteksaminert flest hovudfagsstudentar frå Universitetet i Oslo, der talet på hovudfagskandidatar var i overkant av 1 000 i 1998. Ved NTNU fullførte 1 100 studentar profesjonsstudiet i 1998.

5.1. Hovudfags- og profesjonseksamenar, etter universitet. 1990-1998

Universitet	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998
Hovudfag i alt	865	1 055	1 274	1 550	1 698	2 052	2 294	2 446	2 242
Universitetet i Oslo	425	532	627	795	825	930	1 034	1 125	1 032
Universitetet i Bergen	274	313	363	451	484	625	658	680	607
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	115	129	156	198	270	340	410	433	409
Universitetet i Tromsø	51	81	128	106	119	157	192	208	194
Profesjonseksamenar i alt	1 998	2 247	2 507	2 435	2 655	2 822	2 997	2 839	2 833
Universitetet i Oslo	676	841	853	937	952	1 012	1 089	1 085	1 135
Universitetet i Bergen	208	204	229	229	271	333	327	336	379
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	1 046	1 098	1 302	1 164	1 285	1 283	1 373	1 266	1 147
Universitetet i Tromsø	68	104	123	105	147	194	208	152	172

Kjelde: DBH.

5.2. Avlagte doktorgradar ved universitet og vitskaplege høgskolar, etter lærestad. 1992-1998

Lærestad	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998
Universitetet i Oslo	162	153	155	192	218	242	224
Universitetet i Bergen	78	91	113	136	116	100	129
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	120	174	181	173	172	185	194
Universitetet i Tromsø	29	20	42	45	46	39	59
Norges handelshøgskole	10	8	10	12	11	10	19
Norges idrettshøgskole	2	2	2	1	1	4	5
Arkitektthøgskolen i Oslo	-	-	1	1	2	-	2
Norges landbrukshøgskole	29	28	32	27	24	35	41
Norges veterinærhøgskole	7	15	12	14	11	9	7
Norges musikkhøgskole	-	-	-	-	-	-	-
Det teologiske menighetsfakultet	2	-	3	1	1	1	5

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU.

5.3. Doktorgradar, etter fagområde og kjønn 1992-1998



Fagområde og kjønn	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998
I alt	439	491	551	602	602	625	685
Humaniora	25	38	40	46	52	58	78
Samfunnsvitenskap	59	61	87	95	109	106	125
Matematikk/naturvitenskap	133	136	149	146	169	177	199
Teknologi	92	125	120	123	119	128	130
Medisin	97	92	111	151	120	115	115
Landbruksfag og veterinærmedisin	33	39	44	41	33	41	39
Av dette kvinner	94	125	154	188	205	199	216
Humaniora	13	10	10	18	27	27	37
Samfunnsvitenskap	16	14	31	28	34	47	42
Matematikk/naturvitenskap	30	29	44	40	55	50	61
Teknologi	9	19	24	26	29	18	23
Medisin	18	35	32	58	42	41	40
Landbruksfag og veterinærmedisin	8	18	13	18	18	16	13

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU

Også når det gjeld doktorgradar har talet på uteksaminerte kandidatar hatt ein monaleg auke, frå 438 i 1992 til 685 i 1998. Auken frå 1992 til 1998 var på om lag 58 prosent. Når det gjeld fagområde er matematikk/naturvitenskap størst med om lag 29 prosent av det samla talet på doktorgradar i 1998. Denne situasjonen har vore stabil på heile 1990-talet. I 1998 var talet på oppnådde doktorgradar innan humaniora og samfunnsvitenskap omlag det same som for matematikk og naturvitenskap. Sidan første delen av 1990-talet er det humaniora og samfunnsvitenskap som har hatt den største relative auken i talet på nye doktorgradar. For medisin og landbruksfag har det vore ein nedgang sidan midten av 1990-talet. Ved Universitetet i Oslo oppnådde 224 doktorgraden i 1998.

Talet på avlagde vektal per student gjekk ned frå 1994 til 1998 når det gjeld alle universiteta. Nedgangen frå 1994 til 1998 var størst ved NTNU med ein nedgang på om lag 16,5 prosent per student.

5.4. Avlagde vektal per student, etter universitet. 1994-1998



Universitet	1994	1995	1996	1997	1998
Universitetet i Oslo ¹	11,7	11,6	11,5	10,7	10,0
Universitetet i Bergen	12,4	11,9	10,8	11,3	11,0
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet ..	14,4	11,9	10,8	12,2	12,0
Universitetet i Tromsø	12,5	13,0	11,3	11,3	11,0

¹ For Universitetet i Oslo inkluderar studenttalet også doktogradsstudentar som ikkje har registrert seg som studentar, noko som trekkjer talet på vektal per student noko ned.

Kjelde: DBH

I 1998 var om lag 32 prosent av doktorandane kvinner. Dette er noko lågare enn i dei to føregåande åra, men sett i eit lengre tidsperspektiv har utviklinga vore ein aukande kvinnetendens. Den største delen kvinnelege doktorandar finn ein innan humaniora med 47 prosent i 1998 og samfunnsvitenskap med 34 prosent same år. Ein av fem kvinnelege doktorandar innan teknologifag var kvinner, og dette er noko lågare enn på midten av 1990-talet.

6. Tilsette

Ved universiteta og dei vitenskaplege høgskolane utgjør vitenskapleg tilsette om lag halvparten av det totale talet på tilsette, medan tilsvarende tal for dei statlege høgskolane er om lag to tredjedelar. Dei andre tilsette kan delast inn i kategoriane administrativt personale, vitenskaplege hjelpestillingar, driftsteknisk personale, tilsette i bibliotekstillingar og andre tilsette (i hovudsak reinhaldspersonale).

Det totale talet på vitenskaplege stillingar i sektoren var om lag 11 700 i 1998. I tillegg til undervisningsoppgåvene har dei vitenskapleg tilsette ved institusjonane i uni-

versitets- og høgskolesektoren ein stor del av oppgåvene sine knytt til forskning, og sektoren utgjør ein viktig del av den samla forskingsinnsatsen.

Jamvel om talet på kvinner som tek doktorgrad har auka monaleg dei seinara åra, er prosentdelen kvinner i faste vitenskaplege stillingar stadig låg. For førsteamanuensisane er prosentdelen kvinner 24, og for professorar 11. Det er monalege skilnader mellom fagområda, og spesielt innan teknologifag og matematisk-naturvitenskaplege fag er prosentdelen kvinner låg i desse stillingane.

6.1. Stillingar¹ ved universitet og høgskolar, etter institusjon. Haustsemestret 1998



Institusjon	Stillingar	Av dette vitenskaplege stillingar
I alt	21 051,3	11 698,1
Universitetet i Oslo	4 493,7	2 247,6
Universitetet i Bergen	2 468,2	1 306,8
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	3 159,3	1 544,8
Universitetet i Tromsø	1 423,5	716,5
Norges musikkhøgskole	123,8	94,4
Arkitektshøgskolen i Oslo	67,9	45,0
Norges handelshøgskole	281,0	178,2
Norges veterinærhøgskole	350,8	149,4
Norges idrettshøgskole	161,3	70,0
Norges landbrukshøgskole	834,2	374,6
Kunsthøgskolen i Oslo	149,1	73,7
Kunsthøgskolen i Bergen	45,7	23,2
Høgskolen i Agder	656,9	406,7
Høgskolen i Akershus	230,9	137,4
Høgskolen i Bergen	451,7	338,6
Høgskolen i Bodø	304,7	203,9
Høgskolen i Buskerud	181,9	121,5
Høgskolen i Finnmark	224,8	147,7
Høgskolen i Gjøvik	158,6	105,8
Høgskolen i Harstad	83,9	58,9
Høgskolen i Hedmark	378,1	242,4
Høgskolen i Lillehammer	211,1	121,1
Høgskolen i Molde	122,9	79,4
Høgskolen i Narvik	123,6	71,1
Høgskolen i Nesna	107,6	79,3
Høgskolen i Nord-Trøndelag	303,4	197,8
Høgskolen i Oslo	926,5	600,5
Høgskolen i Sogn og Fjordane	236,3	160,6
Høgskolen i Stavanger	558,0	378,2
Høgskolen i Sør-Trøndelag	512,1	313,7
Høgskolen i Telemark	428,7	268,8
Høgskolen i Tromsø	279,2	184,6
Høgskolen i Vestfold	308,4	201,4
Høgskolen i Østfold	321,4	205,8
Høgskolen i Ålesund	131,5	81,7
Høgskolen i Volda	212,2	146,6
Samisk høgskole	38,4	20,4

¹ Inkluderar ordinære, bistillingar og oppdragsstillingar.
Kjelde: DBH.

6.2. Årsverk i vitenskaplege stillingar, etter institusjon og stillingstype. 1998



Stillingstype	Institusjon				
	I alt	Univer- sitet	Vitshape- lege høg- skolar	Statlege høg- skolar	Kunst- høg- skolar
I alt	10 837	5 791	911	5 033	101
Professor/ høgskoledosent	2 147	1716	231	174	26
Førsteamanuensis/ førstelektor	2 741	1 381	258	1 077	25
Amanuensis/høgskole- lektor/universitetslektor	3 474	474	103	2 849	48
Bistillingar	153	116	16	21	-
Stipendiat	2 036	1 759	218	59	-
Andre vitshapelege stillingar	1 286	345	85	854	2
Prosent utført av kvinner					
Professor/ høgskoledosent	12	12	8	9	43
Førsteamanuensis/ førstelektor	26	29	24	22	24
Amanuensis/høgskole- lektor/universitetslektor	45	37	34	47	58
Bistillingar	7	7	5	5	-
Stipendiat	41	41	44	43	-
Andre vitshapelege stillingar	87	42	37	111	-

Kjelde: DBH.

7. Økonomi

Når det gjeld fordelinga av total løyving til universitets- og høgskolesektoren i 1999 gjekk 47 prosent til universiteta, 37 prosent til dei statlege høgskolane og kunsthøgskolane, 7 prosent til dei vitskapelege høgskolane, og 2 prosent til dei private høgskolane. Nærare 5 prosent gjekk til fellestiltak. Ein svært stor del av løyvinga på alle budsjettkapitla går til løpande drift av institusjonane (post 01 Driftsutgifter).

7.1. Løyvingar til universitet og høgskolar, etter lærestad. 1000 kr. 1999

Lærestad	I alt	Av dette drift ¹
I alt	13 607 846	11 780 773
Universitetet i Oslo	2 603 874	1 909 620
Universitetet i Bergen	1 481 615	1 078 406
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	1 843 396	1 457 994
Universitetet i Tromsø	830 709	664 569
Norges musikkhøgskole	85 795	82 845
Arkitektshøgskolen i Oslo	42 102	37 687
Norges handelshøgskole	161 304	137 650
Norges veterinærhøgskole	193 960	143 361
Norges idrettshøgskole	81 546	71 815
Norges landbrukshøgskole	474 137	323 746
Statlege høgskolar	5 327 948	4 947 657
Statlege kunsthøgskolar	137 372	131 998
Privat høgskoleutdanning	344 088	.

¹ Post 01 Driftsutgifter.
Kjelde: Statsbudsjettet for 1999.

7.2. Kostnader per student, etter lærestad. 1995-1997. 1 000 kr¹

Lærestad	1995	1996	1997
I alt	49	55	57
Universitetet i Oslo	44	49	49
Universitetet i Bergen	48	52	53
Norges teknisk-vitenskapelige høgskole	..	65	71
Universitetet i Tromsø	78	86	90
Norges musikkhøgskole	165	109	120
Arkitektshøgskolen i Oslo	86	79	87
Norges handelshøgskole	37	41	44
Norges veterinærhøgskole	..	602	617
Norges idrettshøgskole	83	98	103
Norges landbrukshøgskole	..	110	113
Kunsthøgskolen i Bergen	..	89	86
Kunsthøgskolen i Oslo	..	158	156
Høgskolen i Agder	..	43	44
Høgskolen i Akershus	53	53	50
Høgskolen i Bergen	45	44	45
Høgskolen i Bodø	..	43	47
Høgskolen i Buskerud	32	46	45
Høgskolen i Finnmark	51	47	50
Høgskolen i Gjøvik	..	49	52
Høgskolen i Harstad	39	41	42
Høgskolen i Hedmark	..	43	44
Høgskolen i Lillehammer	..	43	43
Høgskolen i Molde	35	36	39
Høgskolen i Narvik	..	73	74
Høgskolen i Nesna	..	51	47
Høgskolen i Nord-Trøndelag	45	45	47
Høgskolen i Oslo	..	46	49
Høgskolen i Sogn og Fjordane	..	44	44
Høgskolen i Stavanger	40	39	41
Høgskolen i Stord/Haugesund	43	48	48
Høgskolen i Sør-Trøndelag	..	40	42
Høgskolen i Telemark	..	44	45
Høgskolen i Tromsø	54	53	55
Høgskolen i Vestfold	44	46	43
Høgskolen i Østfold	..	43	45
Høgskolen i Ålesund	..	50	49
Høgskolen i Volda	..	40	41
Samisk høgskole	..	83	91

¹ Rekningskap hovudkapittel og kapittel 0281 post 01/11, ekskl. post 11.9
Kjelde: DBH

7.3. Ekstern finansiering, etter lærestad. 1996-1998. Absolutte tal (1 000 kr) og i prosent av totale driftsutgifter

Lærestad	Ekstern finansiering			Ekstern finansiering i prosent av totale driftsutgifter ¹		
	1996	1997	1998	1996	1997	1998
Universitetet i Oslo	426 082	474 199	483 163	18,9	20,3	20,2
Universitetet i Bergen	282 830	326 122	447 292	22,5	24,2	31,8
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	220 567	269 013	289 278	14,9	16,4	16,8
Universitetet i Tromsø	122 337	134 482	139 696	17,0	17,4	17,5
Norges handelshøgskole	12 294	8 855	11 513	9,0	6,2	7,7
Norges landbrukshøgskole	122 610	140 843	154 693	29,5	31,9	33,3
Statlege høgskolar	219 341	212 856	242 745	4,9	4,6	4,7

¹ Utgiftskapitlets postar 01 og 21.
Kjelde: DBH.

8. Det norske utdanningsnivået i ein internasjonal samanheng

Auken i talet på studentar er ikkje eit fenomen som er særskilt for Noreg. Som ein følgje av høg studietendens vil delen av befolkninga med høgre utdanning fortsette å auke, i Noreg som i dei andre OECD-landa.

8.1. Studentar i utvalde OECD-land. Prosent av registrerte årskull. 1980, 1990 og 1996



Land	18-21 åringar			22-25 åringar		
	1980	1990	1996	1980	1990	1996
Noreg	8,8	14,4	19	13,2	18,9	24,8
USA	33	36,2	34,6	14,5	17,1	21,5
Canada	25,5	28,9	40,5	9,5	11,4	21,9
Danmark	7,4	7,4	8,5	16,3	17,9	21,5
Finland	9,3	13,6	18,2	17,3	20,7	23,5
Frankrike	19,4	24,6	36	10	11,8	18,6
Tyskland	8,8	8,5	10,8	15,5	15,9	17,2
Nederland	14,4	17,9	24	11,9	13,4	19,2
Spania	14,9	21,2	27,3	10,6	13,5	19,8
Sverige	7,9	8,7	13,7	11,3	11,4	17,9
Storbritannia	..	16,1	26,9	..	4,7	9,4
Sveits	5,7	6,4	7,6	10,6	12,1	15,3

Kjelde: Education at a Glance - OECD Indicators 1996 - 1998.

Studiemønstret i Noreg avvik noko frå andre OECD-land, ved at studietendensen er relativt mykje høgre i Noreg for alderskategorien 22-25 år. Som i dei andre nordiske landa er studietendensen i Noreg høgst i denne aldersgruppa. Av dei utvalde landa var det berre Finland som hadde høgre studietendens enn Noreg i denne aldersgruppa i 1990 og 1996. I vurderinga av studietendensar for alderskategorien 18 til 21 år må det bli teke omsyn til at norske elevar i regelen avsluttar vidaregåande opplæring som 19-åringar, medan ungdommen i ei rekkje av dei andre landa byrjar å studere ved 18 års alder. Både verneplikta og at det i Noreg er meir vanleg å ta arbeid i eit eller fleire år før ein byrjar å studere, reduserer studietendensen for den yngste av alderskategoriane.

I 1995 var det berre Sverige og Finland blant OECD-landa som brukte ein større del av brutto nasjonalprodukt til høgre utdanning. Noreg er det OECD-landet som har hatt størst vekst i delen av offentlege utgifter som nyttast til høgre utdanning i perioden frå 1990 til 1995³.

Både i Noreg og i OECD-området er det gjennom 1980- og 1990- åra blitt fleire som tek høgre utdanning. Når

8.2. Del av befolkninga i utvalde OECD-land i alderen 25 til 64 år med fullført høgre utdanning. 1996. Prosent



Land	Prosent
Noreg	27
USA	34
Canada	48
Danmark	22
Finland	21
Frankrike	19
Tyskland	22
Nederland	23
Spania	18
Sverige	27
Storbritannia	22
Sveits	22

Kjelde: Education at a Glance - OECD Indicators 1998.

Noreg samanliknast med dei andre OECD-landa var det i 1996 ein større del av befolkninga med fullført høgre utdanning i Noreg enn gjennomsnittet for OECD. Det er berre USA og Canada som har ein høgre del, og i Sverige er delen av befolkninga med høgre utdanning på om lag same nivå som i Noreg.

Delen med høgre utdanning er størst blant dei yngre alderskategoriane. Det er spesielt for desse gruppene at det i Noreg er ein større del av befolkninga med høgre utdanning enn i fleirtalet av dei andre OECD-landa. I Noreg er det kvinnene som utgjer den største delen som har høgre utdanning i dei yngre alderskategoriane. I dei eldre alderskategoriane er det eit fleirtal av menn blant personane med høgre utdanning.

³ OECD: Education at a Glance - OECD Indicators 1998.